

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 17/8972-1

## **Høyring planprogram regional plan for kultur - fylkesrådet for eldre**

**Uttale frå fylkesrådet for eldre vert skrive i møte 29. november 2017**

### **Vedlegg:**

Planprogram regional plan for kultur

## **SAKSFRAMSTILLING**

Planprogrammet legg til grunn at regional plan for kultur skal ha kultur for alle som overordna mål. Planen skal handle om korleis kulturfeltet kan bidra til å skape gode lokalsamfunn og legg vekt på betydinga av å nytte ut og vidareutvikle kulturelle kraftsenter i fylket.

To hovudtema er peika ut: Under det første, kulturelle ressursar og verdiskaping; vil planen dreie seg om kulturell infrastruktur, kulturarv og produksjon og formidling av kunst og kultur. Ei viktig problemstilling her er òg korleis vi i større grad kan få ringverknader av fyrtårna på kulturfeltet og gjennom dei stimulere til ny aktivitet.

Hovudtemaet deltaking og oppleving handlar om korleis vi kan målrette arbeidet for å nå prioriterte målgrupper. Å leggje til rette for tidleg engasjement er grunnleggande for å gi alle barn og unge reelle moglegheit er til å delta i kulturaktivitetar. Planen vil vidare ha som tilnærming at ulikskap er ein ressurs som bidreg til mangfald og fellesskap.

I planprosessen skal aktørar frå frivillig, offentleg og privat sektor involverast gjennom styringsgruppa og arbeidsgrupper, dialogmøte, konferansar og formelle høyringar. Det vil bli lagt vekt på å få innspel også frå politikarane i kommunane og å sikre tilknytning til aktuelle FoU - miljø. Planperioden blir foreslått å vere frå 2019 til 2027, og det vil bli utarbeidd fireårige handlingsprogram og årlege handlingsplanar.

Høyringsfristen for å sende inn høyringsinnspel til planprogrammet er 1. desember 20 17